

## Arbeidsmarkedet nå - oktober 2015


"Arbeidsmarkedet nå" er eit månadleg notat frå Utredningsseksjonen i Arbeids- og velferdsdirektoratet. Notatet er skriva av Jorunn Furuberg, [jorunn.furuberg@nav.no](mailto:jorunn.furuberg@nav.no) 30.oktober 2015.

### Stor auke i arbeidsløysa i oktober

Bruttoarbeidsløysa, som er summen av heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak, auka med 2 000 personar i løpet av oktober, ifølgje sesongjusterte tal frå NAV. Bruttoarbeidsløysa har auka med til saman 12 100 personar så langt i år, og veksten har teke seg opp frå starten av sommaren. Talet på registrerte arbeidslause har auka med 2 100 personar i oktober, justert for sesongvariasjonar.

Ved utgangen av oktober var det registrert 80 000 heilt arbeidslause hos NAV. Dette er 7 900 fleire enn same tid i fjor, og svarer til 2,9 prosent av arbeidsstyrken mot 2,7 prosent i oktober i fjor. Bruttoarbeidsløysa var 94 400, ein auke på 11 700 personar, eller 14 prosent, samanlikna med oktober i fjor. Bruttoarbeidsløysa svarer no til 3,5 prosent av arbeidsstyrken, mot 3,1 prosent same tid i fjor. Auken i arbeidsløysa er svært ujamnt fordelt geografisk, og skjer først og fremst i fylke med stor sysselsetting innan oljerelatert verksemd.

**Figur 1.** Utviklinga i talet på registrerte heilt arbeidslause, bruttoarbeidsløysa og arbeidslause ifølgje SSB si arbeidskraftundersøking (AKU). Sesongjusterte tal. Januar 2008 - oktober 2015



Kjelde: NAV og SSB


I tillegg til at bruttoarbeidsløysa aukar, aukar også talet på delvis ledige. Samanliknar vi med oktober i fjor, har talet på delvis ledige auka med 5 100 personar, eller 19 prosent. Ved utgangen av oktober er 33 000 personar registrert som delvis ledige hos NAV.

Arbeidsløysa målt ved Statistisk Sentralbyrå (SSB) si arbeidskraftsundersøking (AKU) auka noko i august etter å ha felle litt frå juni til juli, ifølgje sesongjusterte tal. Frå mai til august har AKU-arbeidsløysa auka sesongjustert med 9000 personar. Auken er innafør feilmarginen, men er i tråd med trenden det siste året med aukande arbeidsløyse.

### Fleire nye arbeidssøkjjarar

Tilgangen av nye arbeidssøkjjarar<sup>1</sup> har auka gjennom året. I oktober vart det registrert meir enn 1 000 nye arbeidssøkjjarar per yrkedag, ifølgje sesongjusterte tal. Tilgangen av nye arbeidssøkjjararar er no på sitt høgaste sidan våren 2009 (sjå figur 2). Talet på nye arbeidssøkjjarar som melder seg til NAV varierer gjerne noko frå månad til månad, men auken i år har vore markant. Så langt i år har tilgangen av nye arbeidssøkjjarar auka med 11 prosent samanlikna med same periode i fjor.

**Figur 2.** Tilgangen av arbeidssøkjjarar per yrkedag. Trend. Januar 2008 - oktober 2015




Kjelde: NAV

Ved utgangen av oktober var det registrert 14 500 heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak med arbeidssøklarvarigheit under 4 veker. Dette er ein auke på 2 000 personar, eller 16 prosent, samanlikna med same tid i fjor. Det har vore ein auke i alle yrkesgrupper bortsett frå barne- og ungdomsarbeid (sjå figur 3). Målt i talet på personar var auken sterkast innan industriarbeid med 700 fleire nye heilt arbeidslause eller arbeidssøkjjarar på tiltak. Dette svarer til ein auke på 61 prosent. Innan ingeniør- og ikt-fag var auken på 500 personar, eller 74 prosent. Til saman har meir enn halvparten av auken kome i desse to yrkesgruppene.

<sup>1</sup> Inkluderer heilt arbeidslause, delvis arbeidslause, arbeidssøkjjarar på tiltak og andre arbeidssøkjjarar.

**Figur 3.** Heilt arbeidslause og arbeidssøklarar på tiltak med arbeidssøklarvarigheit under 4 veker, etter yrkesbakgrunn. Oktober 2014 – oktober 2015



Kjelde: NAV

## Utviklinga i internasjonal økonomi

Den økonomiske veksten i eurosona var på 0,4 prosent i 2. kvartal i år, i følgje tal frå Eurostat. Veksten skuldast først og fremst auka eksport, medan industriproduksjonen fall med 0,3 prosent i august i EU samla. Nedgangen i industriproduksjonen var størst i Tsjekkia og i Kroatia, medan auken var sterkast i Sverige og Hellas. Det var også ein nedgang i industriproduksjonen i Tyskland.

Både i EU samla og i eurosona held arbeidsløysa seg uendra frå juli til august, på 9,5 prosent og 11,0 prosent. Samanlikna med same tid i fjor har arbeidsløysa felle med 0,6 prosentpoeng i EU samla og 0,5 prosentpoeng i euro sona.

I Sverige var det god vekst i bruttonasjonalproduktet (BNP) frå første til andre kvartal. I september var det ein auke i sysselsettinga og ein nedgang i arbeidsløysa, ifølgje sesongjusterte AKU tal.

I 3. kvartal vaks BNP i USA med 1,5 prosent målt som årleg rate. Dette er litt lågare enn i 2. kvartal då den tilsvarande veksten var på 3,9 prosent. Arbeidsløysa var uendra på 5,1 prosent frå august til september. Dette er det lågaste nivået sidan våren 2008.

## Utviklinga i norsk økonomi

SSB sitt konjunkturbarometer for industrien, som baserer seg på rapportar frå industrileiarane, viser ein nedgang i samla industriproduksjon i 3. kvartal. Nedgangen skuldast først og fremst redusert aktivitet hos leverandørar til olje- og gassektoren, og i næringar som maskinindustri, bygging av skip og oljeplattformer samt maskinreparasjon- og installasjon. Utsiktene for 4.kvartal er generelt

negative, dette gjeld særleg innan leverandørindustrien. Innan tradisjonell eksportretta industri vert det meldt om blanda utsikter for neste kvartal, medan utsiktene for produksjon av konsumvarer er positive.

Utviklinga i varekonsumet er viktig for veksten i norsk økonomi. Hushalda reduserte varekonsumet med 0,6 prosent frå august til september, i følgje sesongjusterte tal frå SSB. Det var ein nedgang i alle konsumgrupper utanom elektrisitet og brensel. Også frå juli til august var det ein nedgang i varekonsumet. Ofte svingar utviklinga i varekonsumet frå månad til månad, slik at det er for tidleg å seia om dei siste tala frå SSB indikerer ein lågare vekst i privat konsum.


## **Bruttoarbeidsløysa auka i alle yrkesgrupper**

Bruttoarbeidsløysa auka innan alle yrkesgrupper i oktober, viser sesongjusterte tal. Målt i talet på personar var auken størst blant dei med bakgrunn frå industriarbeid og ingeniør- og ikt-fag. Tabell 1 i tabellvedlegget viser utviklinga i den sesongjusterte bruttoarbeidsløysa for dei ulike yrkesgruppene frå og med oktober 2014.

Samanlikna med oktober i fjor har bruttoarbeidsløysa auka i alle yrkesgrupper så nær som blant personar med ingen eller uoppgitt yrkesbakgrunn. Auken er størst innan ingeniør- og ikt-fag (74%) og industriarbeid (37%) , (sjå figur 4). Blant personar med ingen eller uoppgitt yrkesbakgrunn har arbeidsløysa minka marginalt med 1 prosent det siste året.


Bruttoarbeidsløysa er høgast blant personar med bakgrunn frå industriarbeid (5,3%) og bygg og anlegg (5,2%) , jamfør figur 5. Lågast bruttoarbeidsløysa finn vi i yrkesgruppene undervisning (1,0%) og akademiske yrke (1,1%). Målt i talet på personar er bruttoarbeidsløys høgast innan industriarbeid og butikk- og salsarbeid ( sjå figur 6).

**Figur 4.** Prosentvis endring i bruttoarbeidsløysa, dekomponert i endring for heilt arbeidslause og arbeidssøklarar på tiltak etter yrkesbakgrunn. Oktober 2014 – oktober 2015




Kjelde: NAV

**Figur 5.** Bruttoarbeidsløysa fordelt på heilt arbeidslause og arbeidssøklarar på tiltak i prosent av arbeidsstyrken etter yrkesbakgrunn. Oktober 2015



Kjelde: NAV

**Figur 6.** Bruttoarbeidsløysa fordelt på heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak etter yrkesbakgrunn. Talet på personar. Oktober 2015



Kjelde: NAV

### Ingeniør- og ikt-fag

Samanlikna med oktober i fjor har bruttoarbeidsløysa auka med 74 prosent i denne yrkesgruppa. Ved utgangen av oktober var 7 600 personar med bakgrunn frå ingeniør- og ikt-fag heilt arbeidslause eller arbeidssøkjjarar på tiltak. Bruttoarbeidsløysa var 2,8 prosent, trass i auken det siste året er dette under gjennomsnittet for alle yrkesgrupper med 3,5 prosent.

Auken har vore sterkast blant sivilingeniørar og sivilarkitektar med 130 prosent og blant ingeniørar og tekniskarar med 128 prosent. Blant sivilingeniørane er det særleg blant dei med bakgrunn frå geofag, petroleumsteknologi og metallurgi at bruttoarbeidsløysa har auka, med heile 500 personar (319 %) samanlikna med oktober i fjor. Blant ingeniørar innan petroleum, bergverk og metallurgi er det no 1 000 fleire (279 %) heilt arbeidslause eller arbeidssøkjjarar på tiltak, samanlikna med same tid i fjor.

### Industriarbeid

Ved utgangen av oktober var det registrert 11 800 heilt arbeidslause eller arbeidssøkjjarar på tiltak med bakgrunn frå industrien, ein auke på 3 200 (37 %) samanlikna med same tid i fjor. Målt i talet på personar har bruttoarbeidsløysa auka mest blant operatørar innan boring og blant sveisarar og platearbeidarar. Dette er alle yrkesgrupper som er knytt til oljerelatert verksemd.

### Meklarar og konsulentar

Bruttoarbeidsløysa i denne yrkesgruppa har auka med 28 prosent det siste året. Ved utgangen av oktober var 3 100 meklarar og konsulentar registrerte som heilt arbeidslause eller arbeidssøkjjarar på tiltak. Bruttoarbeidsløysa har auka mest blant finas- og investeringsrådgjevarar og innkjøparar.


## Bygg og anlegg

Til saman 10 500 personar med bakgrunn frå bygg og anlegg var heilt arbeidslause eller arbeidssøkjjarar på tiltak ved utgangen av oktober. Dette er 1 700 (19 %) fleire enn for eitt år sidan. Auken har vore størst blant elektrikarar (101 %) og hjelpearbeidarar i anlegg (53 %)

## Varigheit som arbeidssøkjjar


Samanlikna med oktober i fjor har bruttoarbeidsløysa auka mest for dei som har søkt arbeid mellom 13 og 25 veker (23 %) og mellom 26 og 52 veker (17 %) (figur 7). Bruttoarbeidsløysa aukar no for alle varigheitsgrupper, men mest for dei som har søkt arbeid i under eitt år. Dette skuldast at auken i arbeidsløysa det siste året har gjort det vanskelegare for dei som vert arbeidslause å finna (nytt) arbeid.

**Figur 7.** Prosentvis endring i bruttoarbeidsløysa, dekomponert i endring i heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak, etter arbeidssøkjjarvarigheit. Oktober 2014 – oktober 2015



Kjelde: NAV

**Figur 8.** Bruttoarbeidsløysa fordelt på heit arbeidslause og arbeidssøklarar på tiltak, etter arbeidssøklarvarigheit. Talet på personar. Oktober 2015



Kilde: NAV

## Store forskjellar mellom fylka

Det er store forskjellar i bruttoarbeidsløysa mellom fylka. Auken har klart kome langs kysten frå og med Agder til og med Hordaland, pluss Møre- og Romsdal. Dette er fylke med mange arbeidsplassar innan oljerelatert verksemd. I dei fleste andre fylke er det små endringar i bruttoarbeidsløysa. Den låge oljeprisen, som har ført til nedgang i aktiviteten i oljerelatert verksemd, har verka til ein svakare kronekurs og dermed betra tilhøva for tradisjonell eksportindustri.


Frå september til oktober auka bruttoarbeidsløysa prosentvis mest i Rogaland og Møre- og Romsdal, ifølgje sesongjusterte tal. Målt i talet på personar var auken størst i Rogaland og Hordaland. Prosentvis gjekk bruttoarbeidsløysa mest ned i Finnmark og Troms.

Samanlikna med oktober i fjor auka bruttoarbeidsløysa mest i Rogaland (85 %), Møre- og Romsdal (33 %) og i Hordaland (32 %), jamfør figur 9. Nedgangen i bruttoarbeidsløysa var størst i Hedmark (-9 %) og i Sogn og Fjordane (-3 %).

Bruttoarbeidsløysa i prosent av arbeidsstyrken er høgast i Aust-Agder med 4,7 prosent og i Rogaland med 4,5 prosent (sjå figur 10). Ved utgangen av oktober er bruttoarbeidsløysa lågast i Sogn og Fjordane med 2,0 prosent og i Oppland og Troms, begge med 2,4 prosent.




**Figur 9.** Prosentvis endring i bruttoarbeidsløysa dekomponert i endring i heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak, etter fylke. Oktober 2014 – oktober 2015



Kjelde: NAV

**Figur 10.** Bruttoarbeidsløysa i prosent av arbeidsstyrken etter fylke. Oktober 2015




Kjelde: NAV

## Arbeidsløysa blant arbeidsinnvandrarar

Figur 11 viser bruttoarbeidsløysa for statsborgarar frå dei landa som har hatt den høgaste arbeidsinnvandringa til Noreg dei siste åra. Flest statsborgarar frå Polen (7 300), Litauen (2 300) og Sverige (1 500) var registrert som heilt arbeidslause eller arbeidssøkjjarar på tiltak ved utgangen av oktober.


Samanlikna med oktober i fjor har bruttoarbeidsløysa auka mest for statsborgarar frå Hellas (55%), Romania (40 %) og Portugal (39%). Sjølv om den prosentvise auken har vore stor for statsborgarar frå desse landa, er nivået på bruttoarbeidsløysa til saman 1 200 personar til saman.

**Figur 11.** Bruttoarbeidsløysa dekomponert i heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak, etter statsborgarskap. Talet på personer i oktober 2015



Kjelde: NAV

**Figur 12.** Prosentvis endring bruttoledighet, dekomponert i endring i heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak, etter statsborgarskap. Oktober 2014 – oktober 2015



Kjelde: NAV

## Tabellvedlegg

**Tabell 1.** Utviklinga i summen av registrerte arbeidslause og arbeidssøkjalar på tiltak etter yrkesbakgrunn. Oktober 2014 – oktober 2015. Sesongjusterte tal

	okt. 14	nov. 14	des. 14	jan. 15	feb. 15	mar. 15	apr. 15	mai. 15	jun. 15	jul. 15	aug. 15	sep. 15	okt. 15
Leiarar	1 093	1 095	1 081	1 079	1 090	1 110	1 128	1 122	1 121	1 148	1 173	1 174	1 242
Ingeniør- og ikt-fag	4 490	4 612	4 716	5 090	5 337	5 549	5 899	6 064	6 349	6 583	6 916	7 340	7 821
Undervisning	2 119	2 124	2 124	2 143	2 130	2 098	2 128	2 065	2 185	2 207	2 207	2 221	2 234
Akademiske yrker	1 344	1 423	1 444	1 428	1 429	1 425	1 462	1 485	1 515	1 518	1 516	1 483	1 501
Helse, pleie og omsorg	5 890	5 895	5 911	5 981	5 821	5 849	5 854	5 794	5 889	5 940	5 951	6 042	6 073
Barne- og ungdomsarbeid	5 199	5 172	5 130	5 091	4 989	4 976	4 972	4 957	5 026	5 441	5 375	5 147	5 200
Meklarar og konsulentar	2 394	2 428	2 486	2 550	2 542	2 572	2 607	2 620	2 689	2 825	2 925	2 980	3 062
Kontorarbeid	7 977	8 062	8 131	8 320	8 321	8 394	8 537	8 503	8 591	8 764	8 802	9 103	9 286
Butikk- og salsarbeid	10 630	10 560	10 605	10 623	10 516	10 514	10 571	10 473	10 610	10 908	10 915	10 872	11 011
Jordbruk, skogbruk og fiske	1 862	1 875	1 823	1 819	1 858	1 856	1 818	1 791	1 852	1 931	1 919	1 893	1 938
Bygg og anlegg	10 325	10 189	10 119	10 176	10 435	10 709	10 862	11 108	11 415	11 724	11 955	12 132	12 251
Industriarbeid	9 359	9 580	9 625	9 940	10 164	10 215	10 496	10 566	11 051	11 366	11 828	12 265	12 844
Reiseliv og transport	8 825	8 827	8 824	8 761	8 719	8 759	8 755	8 757	8 806	8 941	9 000	9 028	9 128
Serviceyrker og anna arbeid	9 448	9 353	9 389	9 443	9 429	9 458	9 408	9 392	9 540	9 742	9 624	9 747	9 809
Ingen yrkesbakgrunn eller uoppgitt	5 783	5 666	5 565	5 471	5 486	5 468	5 482	5 361	5 622	5 750	5 729	5 617	5 697

Kjelde: NAV

**Tabell 2.** Utviklinga i summen av registrerte arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak etter fylker. Oktober 2014 –oktober 2015. Sesongjusterte tal

	okt. 14	nov. 14	des. 14	jan. 15	feb. 15	mar. 15	apr. 15	mai. 15	jun. 15	jul. 15	aug. 15	sep. 15	okt. 15
Østfold	6 150	6 064	6 101	6 081	6 007	5 966	5 967	6 007	5 973	6 211	6 132	6 041	6 000
Akershus	8 514	8 526	8 577	8 647	8 667	8 822	8 967	9 040	9 211	9 548	9 635	9 766	9 955
Oslo	14 725	14 869	14 793	14 873	14 891	14 852	14 926	14 510	14 846	14 940	14 904	14 863	14 931
Hedmark	3 218	3 151	3 112	3 019	2 975	2 938	2 923	2 889	2 907	2 969	2 967	2 872	2 919
Oppland	2 392	2 408	2 410	2 424	2 428	2 479	2 376	2 303	2 384	2 438	2 407	2 480	2 511
Buskerud	4 831	4 798	4 763	4 716	4 692	4 710	4 757	4 810	4 925	4 961	5 011	5 056	5 133
Vestfold	4 436	4 382	4 284	4 388	4 339	4 291	4 285	4 248	4 307	4 490	4 455	4 472	4 539
Telemark	3 533	3 521	3 588	3 552	3 490	3 505	3 530	3 541	3 507	3 495	3 480	3 539	3 535
Aust-Agder	2 275	2 332	2 379	2 370	2 426	2 461	2 521	2 462	2 590	2 625	2 754	2 796	2 801
Vest-Agder	3 209	3 223	3 213	3 321	3 321	3 378	3 455	3 422	3 464	3 642	3 718	3 774	3 817
Rogaland	6 432	6 611	6 829	7 251	7 594	7 951	8 475	8 679	9 240	9 993	10 333	11 028	11 923
Hordaland	7 315	7 269	7 255	7 426	7 696	7 864	8 117	8 297	8 590	9 031	9 009	9 289	9 649
Sogn & Fjordane	1 331	1 318	1 266	1 307	1 334	1 279	1 276	1 227	1 240	1 231	1 228	1 269	1 291
Møre & Romsdal	3 509	3 491	3 514	3 681	3 717	3 749	3 848	3 837	3 970	4 209	4 455	4 446	4 651
Sør-Trøndelag	4 777	4 794	4 818	4 860	4 831	4 874	4 864	4 894	4 896	5 000	5 019	5 030	5 104
Nord-Trøndelag	2 198	2 198	2 118	2 137	2 134	2 152	2 162	2 158	2 214	2 276	2 301	2 281	2 270
Nordland	3 878	3 870	3 903	3 891	3 897	3 882	3 859	3 834	3 896	3 918	3 891	3 888	3 943
Troms	2 256	2 242	2 214	2 206	2 186	2 171	2 170	2 146	2 257	2 286	2 363	2 324	2 275
Finnmark	1 527	1 558	1 554	1 541	1 612	1 572	1 510	1 545	1 594	1 547	1 570	1 550	1 501

Kjelde: NAV